

VELKOMMEN TIL FLATRAKET 17.05.2026



Kl. 08.00

Vi heiser det norske flagget!

Kl. 13.00

Fest og gilde på skulen!

› Barneleikar (til kl. 14.00)

› Kafè og kiosk

› Natursti (til kl. 14.45)

› Skyting (til kl. 15.45)

› Pilkast og tippekonkurransar

Kl. 15.00

Bli med i årets folketog med tonar frå
Ytre Nordfjord Brass!

Kl. 16.00

Festsamling i gymsalen!

› Sølvi Myklebust Rasmussen held
årets tale for dagen

› Utdeling av premier

› Vi syng «Flatrakssongen» saman
og takkar for laget

Kl. 21.00

Vi firer det norske flagget og takkar for dagens
fest!

Vi oppmodar om at du tar dagens middag- og fleire kaffigilde i skulen på nasjonaldagen, og brukar vipps som betalingsmetode.

DU OG DINE ER HJARTELEG VELKOMMEN!

VELKOMMEN TIL FLATRAKET 17.05.2026

«Flatrakssongen»

Flatraksbygda er ei perle kan vel hende
i frå Navnes og sør til Gangeskar.

Det var her eg i min ungdom for og rende,
det er her eg mine barndomsrøter har.

Ofte vart det leika politi og røvar,
eller vi ein tur i beitemarka gjekk.

Der dei fredelige kyr vart ville løvar,
og vi stormsprang heim, vanvetige av skrekk.

Eg vaks opp og reiste ut i vide verda,
for å jobbe, eller sjå meg rundt i kring.
Men kvar kveld på denne lange, lange ferda
såg eg for meg alle kjende kjære ting.

Det var kveldsola som spegla seg i Keila,
før ho dala ned i havet ut for Stadt.
Berre tjeld og teiste slost litt om ein småfisk,
før enn bygda gjekk til ro og sa godnatt.

Også vinterstormar mintes eg med glede,
dersom alle folk og båtar låg i hamn.

Snø og sludd frå vestavindens arge vrede,
der var varmt i skulestovas lune famn.

Og når våren kom og heile bygda vakna,
det var traktordur frå morgon og til kveld.

Ut i verda var det kjende ting eg sakna,
lukt av nyspreidd møk og fisk som hang på hjell.

Vi oppmodar om at du tar dagens middag- og fleire kaffigilde i skulen på nasjonaldagen, og brukar uipps som betalingsmetode.

DU OG DINE ER HJARTELEG VELKOMMEN!

VELKOMMEN TIL FLATRAKET 17.05.2026

Eller når til slåttegrauten vi vart benka,
etter strevet, redningsfest, litt skrik og skrål.

Men når helgefred seg over bygda senka,
mange ting kan hende i eit turrhøy stål.

Er det rart at alle ynskjer seg tilbake,
til den staden som er paradys på jord.

Vi drog ut og snudde heim med kvar vår make,
heim til Flatraksbygda, vener, far og mor.



Vi oppmodar om at du tar dagens middag- og fleire kaffigilde i skulen på nasjonaldagen, og brukar vipps som betalingsmetode.

DU OG DINE ER HJARTELEG VELKOMMEN!